



Jan Ove Teigstad  
Brøndalen 63  
5176 LODDEFJORD

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/9314 - 20/28567

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
15.05.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 352/58 Kårbø**

Tiltak: tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 352/58  
Tiltakshavar: Jan Ove Teigstad  
Ansvarleg søkjar: Jan Ove Teigstad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.05.2020. Saka er sendt som ett-trinnssøknad som oppfyller krav til 3 vekers saksbehandlingstid. Pga. manglar kan ikkje saka handsamast på 3 veker og vert gjort om til 12 vekers sak.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Du skriver at det er sendt inn både utsleppssøknad og byggesøknad parallelt og at rørleggjar skal søke om tilkopling til kommunalt vatn etter utsleppssøknad vert handsama. Då er dette ikkje ein 3 vekers sak, men det er sak som skal handsamast innan 12 veker. Det skal sendast tilkoplingssøknad av rørleggjar til VA-avdelinga før byggesak kan handsama saka.
2. Utsleppssaka fikk nr.20/9317 og skal handsamast av Miljø og tilsyn innan 6 veker. Byggesak må vente med handsaming til det er avklart med utslepp. Du søker om både gråvassutslepp og svartvassutslepp, dette må avklarast med avdeling for Miljø og tilsyn nærare.
3. Du søkjar om ansvarsrett som sjølvbyggjar for alle ansvarsområder. Dette kan ikkje tillates då vatn ikkje er innlagt frå før av i hytta di. Det skal liggje føre erklæring om ansvarsrett for prosjektering/utføring av rørleggjararbeid for både tilkopling vatn og installasjon av utsleppsanlegget.
4. Gjennomføringsplan med oversikt over alle ansvarsområder skal vedleggjast.
5. På vedlagt situasjonsplan, datert 17.02.20, er det ikkje vist avstand til nabogrenser med unnateke nabo i mot nord, avstand 8 meter. Tomtegrenser er utydeleg på kartet. Det skal visast avstand til alle nabogrensar.
6. Situasjonsplan viser heller ikkje vassleidningar.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 15.06.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Jan Ove Teigstad

Brønndalen 63

5176

LODDEFJORD